



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Samferdselsminister Hareide

Dato: 20.03.2020

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fisker forbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Gang- og sykkelveg E39 Lønset-Hjelset

No er planlegginga av vegstrekninga Lønset-Hjelset i Molde kommune godt i gong og byggestart ventast snart. Vi meiner at det no er på tide å planlegge for ein sikker veg for dei gåande og syklande på den same strekninga. Vi vil prøve å argumentere for dette her:

1. Den nye vegstrekninga Lønset-Hjelset er tenkt eksklusivt for bilane. Det betyr at dei gåande og syklande er planlagt inn på gamlevegen. Men vi les situasjonen slik at sjølv med ein nyveg som no er planlagt, vil trafikken av bilar på gamlevegen framleis bli så stor (om lag 1500 ÅDT), at det krev ei løysing for dei mjuke trafikantane.
2. No-situasjonen er at det er ein samanhengande gang- og sykkelveg frå Julneset til Lønset på om lag 21 km. I dei seinare åra har stubbar av gang- og sykkelvegen vorte bygd frå både Lønset-sida og Hjelset-sida ut av vegvesenet sine eigne budsjettpostar. Vi treng no ei større sentral løying slik at det blir samanheng i dette slik at dei manglande 6 km gang- og sykkelveg blir bygd. Samanhengande gang/sykkelveg av god kvalitet er også meir effektivt og sikrare for bilistar, då ein gjerne slepp gangfelt og lysregulering.
3. Vi ser at fleire og fleire syklar til arbeid, og elsyklar aukar på, noko som både sparar olje og held formen oppe. Gang- og sykkelvegen Julneset-Lønset er noko av det viktigaste aktivitetsanlegget vi har i Molde kommune. Vi meiner at ein gang- og sykkelveg må på plass før nyvegen, før ein kan seie at ein i denne prosessen også har prioritert trafikktryggleiken for dei mjuke trafikantane (gåande og syklande) og ikkje utelukkande trafikktryggleiken/auka fart for bilistane.
4. Nysjukehuset på Hjelset har byggestart no i haust. Dette vil bli ein ny stor arbeidsplass på Hjelset. En del vil ønskje å slå seg ned i nærheita, og sykle til jobben. Etablering av ein stor arbeidsplass utanfor eit byområde, er i grunnen i strid med nasjonale mål og retningslinjer om ein god areal- og transportplanlegging. Men når det likevel blir eit nytt sjukehus på Hjelset, mener vi at ein samanhengande gang- og sykkelveg frå byen

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

og inn til Hjelset må reknast som eit avbøtande miljøtiltak. Kostnaden til dette tiltaket bør difor bli ein del av totalkostnaden for E39 på den aktuelle strekninga.

5. Det vil no høgst sannsynleg bli bomstasjonar på denne strekninga knytt til veglina Bergen-Trondheim. Det er no det er ein moglegheit for å knyte finansieringa av gang- og sykkelvegen ved at bomstasjonen kjem. Hvis gamlevegen blir kommunal eller fylkeskommunal blir nok aldri gang- og sykkelveg Lønset-Hjelset bygd.
6. Norges nasjonale sykkelstrategi 2014-2023 har som mål at sykkeltrafikken skal utgjere minst 8 prosent av alle reiser. For å få til dette krev det nok ny tilnærming til korleis vi skal lage sykkelvegane. Vi ser at Oslostandarden er ein kommunal rettleiar som skildrar løysningar for sykkelinfrastruktur og praksis for etablering av denne som også vil virke her i fylket.

Etter det vi kjenner til er det meningen at bompengeproposisjonen om ein ny E39 mellom Lønset og Hjelset skal behandles av Stortinget i vårsesjonen, og vi vil altså at planlegging og bygging av gang- og sykkelvegen langs gamle E39 også må bli en del av prosjektfinansieringa. FNF Møre og Romsdal ber samferdselsministeren i denne prosessen også prioriterer trafikktryggleiken for dei mjuke trafikantane og tek nødvendig omsyn til omlegging til det grøne skiftet og folkehelsa.

Ingbjørn Bredeli

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Molde kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens vegvesen